



TEMAKART KULTURMINNE


**HÅ KOMMUNEPLAN 2022-2036
HØYRINGSUTGÅVE**



INNHOLD

4	Kart kulturmiljøsoner
8	Faktaark kulturmiljøsoner
34	Kart kulturmiljøsoner andre
38	Kart kulturminne
54	Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)
56	Bandlagde kulturminne


KULTURMILJØSONER H570 1-13



Tegnforklaringer



Kulturmiljøsoner H570





Tegnforklaringer



Kulturmiljøsoner H570

1 SANDROEN, NÆRLANDSPARKEN

Bustadfelt

Gnr./bnr.

- 7/36 til 7/47

Gard

- Nærland

Adresse

- Sandroen 4-48 (12 einingar)

Dato

- 1962/63

Objekt

- 12 funksjonær-bustadar

Sefrak ID

- Ikke registrerte

Dei 12 arkitektteikna husa vart bygde som funksjonær-bustadar for Nærlandsheimen, for å trekka faglært arbeidskraft til den avsidesliggende institusjonen. Det finst ikkje andre byggefelt av Sandroen-typen i Hå. Byggefeltet er eit døme på den engelske «model village»-tankegangen som òg inspirerte sosial bustadbygging i mellom anna Sauda og Odda.

Grunngjøving

Dette er ei unik samling av arkitektteikna hus i nasjonal målestokk. Då husa er bygde i tre diagonale rader med fire hus i kvar, har alle husa utsikt til sjøen. Etter at Nærlandsheimen vart nedlagt, vart husa i Sandroen tilgjengelege på den private marknaden rundt 1996. Desse private eigedommane treng eit særskilt vern, og omsynssona er ei fortsetjing av tidlegare reguleringsføresegner for Bustad i Nærlandsparken 2009 (Plan 1098).



Fakta

- Bustadfelt, tidlegare del av Nærlandsheimen
- 12 arkitekteinaka (Hansteen) hus i 60-talsstil, inspirert av dansk modernisme
- Eineståande byggefelt i Hå: Døme på sosial bustadbygging i ein viktig historisk institusjon
- Heilskapleg anlegg med høg kvalitet. Alle husa har sjøutsikt
- Viktig å sikra at heilskapen vert ivareteken; einskilde bygg, heilskapen i området, del av landskapet

2 UTLØPET AV HÅ-ELVA

Kystkulturområde og kultursenter

Gnr./bnr.

- 07/5,9,10,12,21
- 08/28,56,47
- 09/1,2,3,4,5,6,7
- 10/1,8,10

Gard

- Hå, Håvågen, Nærland

Adresse

- Nærland 151, 175
- Håvegen 345, 347

Dato

- Steinalder – d.d.

Objekt

- Kultursenter, gard, bustad, driftsbygningar og naustmiljø

Sefrak ID

- 102/2,3,8,9,10,11,12,23,14,15,16,17

Håtangen og Hå gamle prestegard ligg i eit område som har ei rik historie om jordbruk og fisk, kommunikasjon og makt. På stranda ligg eit gravfelt frå folkevandringstida, og spor etter steinalderbusetnadar frå 10 000 – 8 000 f.Kr. Hå-elva, Njærheim og Hå har vore sentrale område i mange hundreår, og den gamle kongevegen gjekk forbi Hå gamle prestegard. Bygningane, nokre frå 1700-talet, er restaurerte for å husa nye funksjonar, og er i dag eit kraftsentrum i kommunen. Det aktive landbruket i området i dag er ein viktig premiss for vedlikehaldet av kulturlandskapet.

Grunngjeving

Håelva er kjend som fiskerik med både laks og aure. Elva har òg ein bestand av den totalfreda elvemuslingen.

Å stå på Håtangen og sjå seg rundt gir tilgang til «kalt» kjenneteiknar Jæren: Rullesteinstranda, fugle- og plantelivet, det flate Jæren og utsynet mot Høg-Jæren. Obrestad fyr ligg nokre hundre meter frå prestegarden, og saman er dei to institusjonane ein publikumsmagnet for både friluftsliv og kulturliv.

Det er viktig å sikra at heilskapen vert teken i vare, både kulturmiljø med kystkultur, religion, landbruk og dagens kulturopplevelinger.



Fakta

- Del av eit særprega historisk område og naturområde i kommune.
- Hå gamle prestegård består av viktige signalbygg.
- Viktige element i jordbrukslandskapet, som steingardar og trerekker bør takast i vare.
- Landskapet viser utviklinga av jordbruk fram til dagens moderne driftsformer, med mange rike kulturspor og stor tidsdjupn.
- Friluftsliv, mange eldre og nyare kulturminne, og moderne kunst- og kultursenter.

3 OBRESTAD FYR

Freda fyrstasjon

Gnr./bnr.

- 10/002

Gard

- Obrestad

Adresse

- Obrestad fyr

Dato

- 1873

Objekt

- Fyrstasjon

Sefrak ID

- 201/004

Fram til 70-talet kunne lyden av Obrestad fyr – tåkeluren som vart kalla «Studen» – høyrast over store delar av kommunen. Fyret var i drift frå 1873 til byrjinga av 90-talet, og det vart freda i 2000. Obrestad fyr har vore ein familiestasjon. Fram til om lag 1950 hadde familiane jord og husdyr, og dei hadde naust og dreiv fiske. I dag står fyret som eit minne om dei store ressursane og det harde arbeidet som vart lagt ned for å sikra trygg sjøtrafikk langs Jærkysten.

Grunngjeving

Sjølve fyret er bygd av gråstein, og er eit symbolanlegg i Hå. Anlegget utvikla seg som ein viktig del av lokalsamfunnet.

Fyret som vart automatisert i 1991 blei kjøpt av Hå kommune i 2006. Eit mål med kjøpet er å bevare kulturen og historia til anlegget, og visa korleis fyr kan nyttast i nye samanhengar. Sjølve fyrbygningen er i dag fymuseum med bustadar på anlegget til utleie. Kongeveg og Pilgrimsruta har stoppunkt på vegen her. I ein menneskelig målestokk er heile dette kulturmiljøet stor slagent, omgitt av grøne marker, hav og strandområde.



Fakta

- Obrestad fyr er eit landemerke i det opne landskapet.
- Fyrbygningen i hogd granitt er sjeldan blant norske fyr. Det tekniske anlegget er bevart.
- Vêrstasjonen har vore i drift i over 100 år - «vêrvarsling frå Obrestad».
- Fyrbygningen vart endra av tyskarane under krigen, og det er mange krigsminne på området.
- Anlegget med fem bygningar vart freda i 2000.

4 OBRESTAD HAMN

Freda hamn

Gnr./bnr.

- 11/20, 11/03, 11/15, 11/18

Gard

- Obrestad

Adresse

- Obrestad hamn

Dato

- 1874-1877

Objekt

- 15 naust/sjøbuer og eit fiskemottak

Sefrak ID

- Ikkje registrerte

Obrestad hamn var den første fiskerihamna mellom Sirevåg og Tananger, i ein periode med mange store samferdsel-prosjekt i Hå fra 1870-talet. Heilskapen i hamna er lite endra sidan tidleg på 1900-talet. Hamna er eit godt døme på «vern gjennom bruk», og mange av husa har fått nye funksjonar fleire gonger opp gjennom åra. Tradisjonelle steinnaust frå 1800 tallet er side om side med jærbuens gjenbruk av tyskarbrakker, kyllinghus, pissoar mm.

Grunngjeving

Allereie i Vikingtida har ein hatt båtar her. Det er spor etter båtnaust til eit 24 meter langt skip. Området har mange freda kulturminne på grunn av landskapsformasjonen rundt hamna.

Arbeidet med å byggja moderne hamn på Obrestad tok til i 1874. Det er Hå kommune som eig sjølve hamneområdet, medan sjøbuene er private.

Det finst berre eit fåtal tilsvarende anlegg i landet. Ei omsynssone vil sikra kulturmiljøet prega av istidas forming av landskapet til dagens aktive bruk av området med fokus på fiske, båtkultur og turområde.



Fakta

- Obrestad hamn er ei konsentrert, uforstyrra hamn.
- Staden minner besøkande på tidlegare generasjonar sine sterke band til klima, natur, landskap og matressursar.
- Heile hamneområdet med alle naust og sjøbuer vart vedteke freda i 1994.
- «Vern gjennom bruk» er spesielt relevant ved Obrestad hamn.
- Framtidige generasjonar skal kunna halda fram med aktiv bruk av hamna.

5 GRØDALANDSTUNET

Gardstun, museumsanlegg

Gnr./bnr.

- 014/010 og 014/013

Gard

- Grødaland bygdetun

Adresse

- Grødaland 64

Dato

- 1735-1790

Objekt

- Tun - 2 jærhus (k), 2 løer og 1 fjos

Sefrak ID

- 0202/017-021

Det budde folk på Grødalandstunet heilt fram til 1950-talet. Allereie i 1948 byrja Rogaland folkemuseum arbeidet med å ta vare på tunet, og i dag står bygningane slik dei gjorde på 1700- og 1800-talet. Tunet er eitt av dei finaste og best bevarte gardsanlegga i Rogaland. Dei som budde her dreiv jordbruk i tillegg til å nytta ressursane frå sjøen og stranda som til dømes fiske, tare og vrak. Fleire av dei som budde på Grødaland var losar.

Grunngjeving

På Grødaland ligg husa der dei ein gong vart bygde. Det eldste bustadhuset, gamlehuset, er frå 1715. Det yngste huset, Torehuset, blei bygd i 1830. Ei omsynssone vil hjelpe Hå kommune med å sikra tunet og den historiske og fysiske kontakten ned til sjøen med tufter og fornminner. Området på tun og dyrka areal ned mot sjøen er framleis intakt men området er under press.



Fakta

- To sjøgardar utgjer tunet. Til saman er det fem bygningar: To heimehus, to løer og eit fjos.
- Særeigen arkitektur tilpassa landskapet, døme på tradisjonell jærsk byggeskikk.
- Reisverks-konstruksjonane i dei to løene er stort sett gjorde av skipstømmer.
- Grødal Landsgarden har vore ein middels velståande gard på 17- og 1800-talet.
- Grødal Landstunet er eigd av Hå kommune og vert drifta av Jærmuseet.

6 VIGRESKOGEN, ROGALAND RADIO

Radiostasjon og 10 master

Gnr./bnr.

- 015/030, 015/010

Gard

- Vigre

Adresse

- Skjerpevegen 41, 4365 Nærø

Dato

- 1959-1961

Objekt

- Rogaland radio senderstasjon

Sefrak ID

- Ikke registrerte

Før teknologien for satellitt-kommunikasjon kom på 80-talet, var det kortbølgeradio som vart brukt til å senda meldingar til skip. Dei ti mastene i Vigreskogen sende meldingar til skip i heile verda, og gjorde at sjøfolk kunne senda telegram og meldingar heim frå alle verdshjørne. Då oljeverksemda kom i gang auka trafikken. Anlegget i Vigreskogen er eit nasjonalt viktig industrielt kulturmiljø i Hå kommune.

Grunngjeving

Anlegget i Vigreskogen består av 10 master ved senderstasjonen for Rogaland radio. Senderstasjonen er eit utmerka eksempel på industriell funksarkitektur. Bygningen er fortsatt i god stand på grunn av Telenors vedlikehaldsprogram. Vigreskogen er eit mykje brukte rekreasjonsområde som er populært blant turgåarar. Det ligg eit stor potensial i desse bygningane for ein kombinasjon av næring og friluftsliv. Området er under sterkt press.



Fakta

- Var den mest avanserte kortbølgeradiostasjonen i verda då han opna.
- Rogaland radio var ein viktig kommunikasjonskanal for tidleg oljeverksemd.
- Nasjonalt industrielt kulturmiljø i eit mykje brukt rekreasjonsområde.
- Viktig å sikra at heilskapen vert ivaretaken med eit 600 kvm stort bygg som sentralt element.
- Anlegget var tidlege verna av Telenor og er noverande eigar er eit privat utviklingsselskap.

7 AUDAMOTLAND OG KVIA

Museumsanlegg med 2 gardstun

Gnr./bnr.

- 018/014, 019/031

Gard

- Audamotland
- Kvia

Adresse

- Kviavegen 63
- Kviavegen 99

Dato

- 1863
- 1878 og 1995

Objekt

- Klassisk jærtun
- Kvia gard, Museum

Sefrak ID

- 212/011/12
- 212/007-009

Jærmuseet sitt hovudkontor på Nærø. Vitengarden er en kombinasjon av den funksjonelle arkitekturen museumsbygningen og to tradisjonelle gardstun. På Audamotland gard kan ein ennå sjå den gamle jærske gardsstrukturen. Tunet slik det ligg i dag er frå slutten av 1700-talet. Kvía gard er eit utmerka døme på eit tradisjonelt gardstun frå andre halvdel av det nittande århundret. Hovud-bygninga til Vitengarden er inspirert av ein kombinasjon av jærhushus- og snudd båtform, teikna av Myklebust (1995), påbygg teikna av Helen&Hard (2020).

Grunngjøving

Etablering av Kvía og Audamotland omsynssoner vil fungera godt i kombinasjon med Hanabergmarka kulturarv- og friluftsområde. Heile kulturmiljøet inkluderer gardstun, kulturbete, viktige krigsminne og freda gravhaug saman med Jærmuseets pedagogiske ekspertise.

Dei føreslåtte omsynssonene ivaretar bygningsmassane og eigedommar. Dette er naudsynt for å samla området som eit unikt område av nasjonal tyding for komande generasjoner.



Fakta

- Byggeskikken på anlegget strekk seg frå slutten av 1700-talet fram til moderne arkitektur.
- Begge gardstuna er flott restaurerte av Jærmuseet med den gamle jærske gardsstrukturen.
- Heile anlegget er ope for publikum og er ein publikumsmagnet.
- Området mellom Kvia og Audamotland innheld viktige gravhaugar og krigsminne.
- Anlegget er i dag eigd av Hå kommune, og er ein del av Jærmuseet.

8 NÆRBØGATA

Bustadfelt

Gnr./bnr.

- 22/1-30, 21/12-13

Gard

- Nærø

Adresse

- 18 adressar i Nærøgata

Dato

- 1875-2003

Objekt

- Gate med 18 einingar

Sefrak ID

- 1119/0208/002-023

Før jernbanen kom var det ikkje tettstader på Jæren. Nærø slik det ser ut i dag er bygd opp rundt den livslinja som Jærbanen vart etter 1878. To område på kvar side av jernbanen viser korleis Nærø utvikla seg frå jordbruksområde til tettstadscentrum.

Grunngjøving

Langs Nærøgata på austsida av jernbanen er det ei samling av originale hus frå perioden rundt 1880-1900. Rundt 20 år etter at jernbanestasjonen vart bygd hadde området slaktar, skomakar, andre handverkarar og ikkje mindre enn 8 handelsmenn. Nærøgata og området kring var det gamle sentrumsområdet der det no er fokus på vern og vidare utvikling. Ein god kombinasjon av vedlikehald og restaurering til ny bruk kan føra til meir liv og aktivitet i gata. Dette er ein viktig verdi for framtida med synleggjering av historie og identitet.

Nærø, Jæren.



Fakta

- Det einaste nokolunde bevarte stasjonsmiljøet frå førkrigstida som framleis er att på Jæren.
- Nærbøgata vart vedteken som omsynssone i 2005 (reg.plan 1023), og utvida i Kommunedelplan for Nærø sentrum i 2018.
- Hensynssona har fungert godt med mange nye miljøskapande restaureringsprosjekt.
- Det er ønskeleg å utvida hensynssona med ein eigedom.

9 ÅNA FENGSEL

Fengselsanlegg, statsbygg

Gnr./bnr.

- 036/001

Gard

- Åna

Adresse

- Anstaltveien 1, m.fl.

Dato

- 1915-1920

Objekt

- Anlegg med ca. 50 bygningar

Sefrak ID

- Ikke registrerte

Åna var den første og einaste tvangsarbeidsinstitusjonen i Noreg, og vart lagd til Jæren på grunn av dei gode moglegitene for utearbeid året rundt. Dette skulle gjera at dei innsette «lausgjengarane» fann tilbake til eit heiderleg liv. Anlegget er ein viktig del av Noregshistoria både sosialt og justishistorisk. Området er bygd som ein heilskap med bygningar for ulike funksjonar.

Grunngjeving

Anlegget har vel 50 bygningar som grovt kan sorterast etter fengsels-, landbruks- og bustadfunksjonar, samt infrastruktur. Fengselet har eit samla areal på om lag 3600 daa. Gater og kvartal er lagde i ein «bymessig» plan. Anlegget er verna gjennom vedtak av freding og bevaring av bygningar og utomhusareal i Landsverneplan for justissectoren. Den føreslårte omsynssona utvidast i høve tidlegare vedtak og inkluderer tilkomstvegen. Det er Statsbygg som har ansvar for vedlikehald og rehabilitering av eigedommane i eigen plan. Åna fengsel er eit definert samfunn med ein heilskap i bygningsmasse og park. Dette kulturmiljøet er ein levande og viktig del av Jæren og Hå si historie.



Fakta

- Eineståande, heilskapleg anlegg med klart definerte soner for innkøyringa, bustadar, arbeidshus, driftsbygningar, land- og skogsbruk.
- Dei fleste bygningane er frå 1910 – 1920 etter ein vel gjennomtenkt plan.
- Anlegget er framleis i drift som oppgradert fengsel og bygningane driftast av Statsbygg.
- Området har òg verneverdige steingardar, kanalar og vegar bygte av tvangsarbeidrarar.
- Første og einaste tvangsarbeidsinstitusjon i Noreg, kommersielt gardsbruk fram til 2012.

10 HÅRR KLYNGETUN

Klyngetun

Gnr./bnr.

- 71/07, 71/08, 71/09

Gard

- Hårr

Adresse

- Hårrvegen 146-171

Dato

- 1833-1904

Objekt

- Samla gardar


Sefrak ID

- 401/004, 005, 007, 008

Hårr er ein av dei få stadene i Hå der ein framleis kan oppleva det gamle klyngetunet nokså intakt. Det er sannsynleg at det har budd folk her sidan steinalderen. Før utskiftingsslovane på 1800-talet var mange av gardane i Noreg organiserte som små landsbyar, med fleire bruk samla i tun. I dag kan ein her sjå tydelege spor frå 1800-talet. Fram til siste utskiftinga i 1902 var det ni bruk i tunet.

Grunngjeving

Hovudtrekka i det gamle klyngetunet er framleis enkle å få auge på i dag. Innhusa ligg nokså samla mot sentrum av tunet, medan uthusa er bygde i utkanten. Klyngetunet på Hårr er òg del av samferdsle-historien: Kongevegen og Den vestlandske hovudveg gjekk her, og den gamle postvegen deler framleis tunet. Mange hus står framleis, eller dei er bygde på same stad som eldre hus. Intensjonen er ikkje å stansa landbruksutviklinga, men å verna strukturen i eit synleg og viktig tun for vegfarande langs hovudvegen.



Fakta

- Klyngetun-strukturen på Hårr er ein av to bevarte i Hå kommune.
- Me veit mykje om korleis klyngetunet såg ut rundt 1890.
- Bygningar er endra over tid, men strukturen er framleis synleg.
- Den gamle postvegen går gjennom klyngetunet
- I 1865 var det 8 matrikkelnummer under Hårr, med ni «beboede Huse» der det budde ti hushaldningar med til saman 74 menneske.

11 KVASSHEIM KLYNGETUN

Klyngetun

Gnr./bnr.

- 103/002, 3, 4, og 20

Gard

- Kvassheim

Adresse

- Kvassheim 20, 21, 22 og 23

Dato

- 1600/1700-talet

Objekt

- Samla gardar

Sefrak ID

- 501/001, 002, 003

Kvassheim er den første garden i det gamle Ogna herad som vart utskifta, i 1879. I klyngetunet på Kvassheim står eitt av dei største og eldste jærhusa på Jæren. Bruka på Kvassheim var store og hadde mange tilsette, og nokre hadde mindre bruk under seg i ein husmanns-aktig struktur. Klyngetunet ligg ved Kvassheim hamn, og mange av dei som var losar her budde på Kvassheim og dei gamle gardsvegane er inkluderte i omsynssona.

Grunngjeving

I mellomalderen var Kvassheim ått av Utstein kloster. Garden vart frikjøpt rundt 1770. Mange av gardane i Noreg var organisert som små landsbyar. Jordar var delt opp i små og store teigar slik at den gode og dårlege jorda var delt opp.

Det eldste huset på Kvassheim er frå 1662, og er nyleg restaurert. Hovudtrekka i dette gamle klyngetunet er framleis enkle å få auge på i dag. Innhusa ligg nokså samla mot sentrum av tunet, medan uthusa er bygde i utkanten. Dessverre er det få klyngetun att i Hå kommune.



Fakta

- Eitt av få nokså intakte klyngetun i Hå: Døme på felles gardstun.
- Består i dag av 3 bruksnummer med aktivt landbruk.
- Eitt av dei eldste og største jærhusa i Hå står på Kvassheim.
- Bruka var store med mange tilsette, ikkje uvanleg med 10-12 menneske i kvar husstand.
- Eit arkitektteikna hus frå 90-talet har teke vare på kvalitetane i klyngetunet.

12 HIMMELROMMET, OGNA

Fritidsbustadfelt

Gnr./bnr.

- 095/539 m.fl.

Gard

- Risfjell, Ogna

Adresse

- Risfjellvegen og Mjølhusvegen

Dato

- 2009

Objekt

- 27 fritidsbustadar

Sefrak ID

- Ikkje registrerte

Hovudintensjonen med prosjekt Himmelrommet var å utvikla ulike fritidsbustadar med eit heilskapleg estetisk og arkitektonisk uttrykk. Prosjektet er fleksibelt i høve tilpassingsmoglegheiter til variasjonane i terrenget. Resultatet er at det 450 daa store området står fram som eit førebilete for fritidsbustadprosjekt.

Grunngjiving

Både med omsyn til design og val av materiale er ideen bak prosjektet å ha fokus på miljø og fornybare ressursar. I prinsippet skal alle bustadtypane plasserast i terrenget slik at behovet for utgraving og forstyrring av naturen vert minimert. Etter utgraving og bygging skal det skogsprega landskapet reetablerast. Eventuell fortetting skal ikkje skada heilsaksopplevinga av Himmelrommet inkludert naturen. Himmelrommet er godkjend for rundt 160 fritidsbustadar. Omsynssona er avgrensa til det første bustadfeltet på Risfjell med god og stadstilpassa byggeskikk. Området kan fungera som ein mal for god fritidsbusetnadsutbygging basert på naturopplevingar for eigarar og allmenta.



13 SIREVÅG HAMNEMILJØ

Hamnemiljø

Gnr./bnr.

- 91/04, 05, 24
- 95/73, 80, 83, 92

Gard

- Sirevåg hamn

Adresse

- Vågen 2, 4, 29, 31, 33, 36, 38

Dato

- 1800-1917

Objekt

- 7 eigedommar i Sirevåg hamn

Sefrak ID

- 0505/017 og 0505/018

Sirevåg er ei av få naturlege hamner mellom Egersund og Tananger, og har spelt ei viktig rolle både som hamn og naudhamn. Sirevåg er ei gammal fiskehamn, og her budde det folk lenge før Jærbanen kom i 1878. Det var her danskekongane gjekk i land når dei var på sørvestlandet. Det var Hiorth-familien på Ogna som åtte Sirevåg fram til rundt 1900. I folketellinga for 1900 er det registrert 33 personar i Sirevåg. I dag er den bratte fjellkanten som var Kongsbrygga støypt inn i betong. Den første offentlege kaia vart bygd i 1916.

Grunngjeving

Fangst og fiske var tidlegare det berande livsgrunnlaget for folket i Sirevåg-området. Dei fleste familiene var husmenn eller strandsitjarar. Sidan moloen kom i 2001 har det vorte auka aktivitet og utvikling. Dermed er det viktig å bevara desse eigedommane som det historiske sentrum av hamneområdet.


Nokre av dei tidlegaste eigedommane er framleis bevarte i hamna, og utgjer eit godt kulturmiljø som syner historia i ei ekspansiv hamn. Vern av desse er ein viktig miljøfaktor i Sirevåg.




Fakta

- Naturleg hamn som har vore viktig historisk, og framleis er i aktiv bruk.
- Fleire verneverdige hus ligg ned til hamna.
- Dei første som budde i Sirevåg var husmenn og strandsitjarar.
- Det var få som hadde garden som einaste inntektskjelde. Hovudnæringa var fiske.
- Sona inkluderer eit godt utval av våningshus med hage, inkludert jærhus og «Sandneskasse».

KULTURMILJØSONER ANDRE





Tegnforklaringer



Kulturmiljøsoner H570





Nr.	Hensynssonnavn (SOSI)	Beskrivelse (SOSI)	Kulturmiljøkategori	Objekt	Gard	KP År	Gnr/Bnr	Areal
1	H570_1	Sandroen, Nærlandsparken	Kulturmiljø	Bustadsfelt	Nærland	2022	000/000	
2	H570_2	Utløpet av Hå-elva	Kulturmiljø	Kystkulturområde og kultursenter	Njærheim, Håvagan, Hå	2022	001/001	
3	H570_3	Obrestad fyr	Kulturmiljø	Freda fyrtasjon	Obrestad	2022	003/002	
4	H570_4	Obrestad hamn	Kulturmiljø	Freda hamn	Obrestad	2022	005/009	
5	H570_5	Grødalstrandstunet	Kulturmiljø	Gardstun, museumsanlegg	Grødalstrand	2022	005/014	
6	H570_6	Vigreskogen	Kulturmiljø	Radiostasjon og 10 master	Vigreskogen	2022	005/014	
7	H570_7A og B	Audamotland og Kvia	Kulturmiljø	Museumsanlegg og 2 gardstun	Audamotland, Kvia	2022	005/024	
8	H570_8	Nærøygata	Kulturmiljø	Bustadsfelt	Nærøy	2022	005/026	
9	H570_9A og B	Ana fengsel	Kulturmiljø	Fengselsanlegg	Ana	2022	005/059	
10	H570_10	Hårr klyngetun	Kulturmiljø	Klyngetun	Hårr	2022	006/019	
11	H570_11	Kvassheim klyngetun	Kulturmiljø	Klyngetun	Kvassheim	2022	006/024	
12	H570_12	Himmelrommet, Ogna	Kulturmiljø	Fritidsbustadsfelt	Risfjell	2022	007 og 010	
13	H570_13	Sirevåg hammemiljø	Kulturmiljø	Havnemiljø	Sirevåg	2022	007/005	
14	H570_SF1	Kongevegen	Samferdsel	Sti	Jærkysten	2014	007/010	
15	H570_SF2	Hanaberg - Hulveg	Samferdsel	Sti	Hanabergsmarka	2022	007/011	
16	H570_SF3	Kyrkjevegen	Samferdsel	Sti	Herredsvila til Ogna	2022	007/013	
17	H570_SF4	Jernbanetrasé rundt Varden	Samferdsel	Sti	Varden	2022	007/014	
18	H570_SF5	Allfarvegen	Samferdsel	Sti	Ogna til Vatnåmot	2022	007/014	
19	H570_SF6A og B	Den Vestlandske hovedvei	Samferdsel	Sti	Ogna til Hegrestad	2014	007/017	
20	H570_SF7	Hengebru	Samferdsel	Bru	Nærland	2014	007 og 010	
21	H570_SF8	Tvhaugebrunå	Samferdsel	Bru	Ånestad	2022	045/012	
22	H570_SF9	Efjestad bru	Samferdsel	Bru	Efjestad	2022	067/007	
23	H570_SF10	Hårr bru	Samferdsel	Bru	Hårr	2022	071/008,9	
24	H570_SF11	Stelen bru	Samferdsel	Bru	Stølen	2022	087/001	
25	H570_SF12	Hølland bru	Samferdsel	Bru	Hølland	2014	93/2, 93/4	
26	H570_SF13	Helgåna bru	Samferdsel	Bru	Ogna	2022	095/052	
27	H570_SF14	Vaulø bru	Samferdsel	Bru	Brusand	2022	108/243	
28	H570_SF15	Aniksdal steinbru	Samferdsel	Bru	Aniksdal	2022	114/002	
29	H570_SF16	Ørvabø bru	Samferdsel	Bru	Ørvabø	2022	124/001,5	
30	H570_K1	Nærland	Krigsminne	Kommandobunker, bunkere, brakker, stillinger	Nærlandsheimen	2022	007/002, 017	
31	H570_K2	Netland lyttetasjon	Krigsminne	Lyttetasjon bunkere	Nærlandsheimen	2022	007/003	
32	H570_K3	Selvåg minefelt	Krigsminne	Minefelt	Nærland	2022	007/003	
33	H570_K4	Obrestad fyrtasjon	Krigsminne	Kanonstilling, bunkere, lyskasterstilling	Obrestad	2022	10/002, 4, 5	
34	H570_K5A-B	Hanaberg	Krigsminne	Kommandobunker, bunkere, stillinger	Hanaberg	2014, 2022	18/001, 2, 8, 9	
35	H570_K5C-F	Hanaberg	Krigsminne	Jernbanebatteriet, brak, stillinger	Ødemotland	2014	18/001	
36	H570_K6A-H	Ana, Opstad	Krigsminne	Radar, bunkere, stillinger, løpegraver	Ana	2014	36/001	
37	H570_K7A-D	Ueland	Krigsminne	Radar og bunkere	Ualandsvarden	2022	51/020, 035	
38	H570_K8	Kvassheim	Krigsminne	PAK støttepunkt	Kvassheim	2022	109/003, 4, 21	
39	H570_K9	Langholmen, Sandve	Krigsminne	Bunkere, kanonstillinger	Sandve	2022	102/001, 13, 16	
40	H570_K10	Kvalbein	Krigsminne	Pansermur, groft, PAK, minefelt	Kvalbein	2022	102/001, 13, 16	
41	H570_K11	Brusand	Krigsminne	Hitlerstøtter (stein, betong)	Brusand	2014	102/001, 108/001	
42	H570_K12	Ognaelva Hylland	Krigsminne	Bunkere, MG-stillinger	Hylland	2022	93/003, 004	
43	H570_K13A-B	Ognaelva	Krigsminne	Bunkere, MG-stillinger	Ogna	2022	95/001, 197	
44	H570_K14A-B	Klubben, Sannarvåg	Krigsminne	Bunkere, kanonstillinger	Klubben, Sannarvåg	2022	95/136, 250, 272	
45	H570_K15	Vedafjell anlegg	Krigsminne	Kommandobunker, bunkere, stillinger	Vedafjell	2014	89/002, 7, 13, 75	

KULTURMINNE


Tegnforklaringer

-  Kystkultur
-  Landbruk
-  Ny byggeskikk
-  Offentlege
-  Samferdsel
-  Tettstad






KULTURMINNE






KULTURMINNE






KULTURMINNE





KULTURMINNE



Nr.	Gnr/Bnr	Objekt	Gard	Adresse	Bryggeår	Funksjon	Kulturminnenavn	Priv/Offent	Reg dato	SEFRAK ID
1	000/000	Kyrkjegard	Njærheim	Njærheimvegen 141	fra1100	Religion	Njærheim gamle kyrkjegard	O	2016	Fornminne
2	001/001	Jærhuis (k)	Rimestad	Rimestad 152	1830	Bustad		P	2015	1119/0104/004
3	003/002	Våningshus	Søyland	Jærvegen 6	1890	Bustad		P	2020	1119/0105/008
4	005/009	Jærhuis (k)	Høyland	Høyland 152	1897	Bustad		P	2015	1119/0103/001
5	005/014	Våningshus/løe	Høyland	Jærvegen 43	1912	Bosetting	Sammenbygd hus og løe	P	2015	Ikkje registrert
6	005/014	Jærhuis (k)	Høyland	Jærvegen 21	1800 tall	Bustad		P	2015	1119/0105/001
7	005/024	Jærhuis (s)	Høyland	Høyland 111	1896	Bustad		P	2015	1119/0105/005
8	005/026	Jærhuis (s)	Høyland	Jærvegen 41	1912	Bustad		P	2015	Ikkje registrert
9	005/059	Skulehus	Høyland	Jærvegen 18	1918	Undervisning	Høyland skule	O	2018	Ikkje registrert
10	006/019	Våningshus	Refsnes	Nordsjøvegen 1613	1980	Fritidsbolig	Arkitekt Per Line hytte	P	2017	Ikkje registrert
11	006/024	Våningshus	Refsnes	Nordsjøvegen 1617	2011	Fritidsbolig	Arkitektkontoret Vest AS	P	2017	Ikkje registrert
12	007 og 010	Bru	Nærland	ved Nærland 175	1920	Samferdsel	Hengebru	P	2015	Ikkje registrert
13	007/005	Jærhuis (k)	Nærland	Nærland 151	1835	Bustad	Mariahuset / Thiiashuset	P	2015	1119/0102/016
14	007/010	Våningshus	Nærland	Nærland 175	1890	Bustad	Jonsahuset / Laksahuset	P	2015	1119/0102/017
15	007/011	Våningshus	Nærland	Nordsjøvgn 1666	1800 tall	Bustad/fritid	Jorinahuset	P	2016	1119/0101/001
16	007/013	Messe	Nærland	Tårnvegen 4	1913	Helse	Njærheimen messebygning	P	2015	Ikkje registrert
17	007/014	Vanntårn	Nærland	Tårnvegen 4	1913	Teknisk drift	Njærheimen vanntårn	P	2015	Ikkje registrert
18	007/014	Våningshus	Nærland	Tårnvegen 6	1913	Helse	Njærheimen bestyrerbolig	P	2015	Ikkje registrert
19	007/017	Akkumulatorhus	Nærland	Grensevegen 13	1914	Samferdsel	Akkumulatorhus	P	2015	Ikkje registrert
20	007/018	Våningshus	Nærland	Grensevegen 11	1914	Samferdsel	Steinhuset	P	2015	Ikkje registrert
21	007/036	Våningshus	Sandroen	Sandroen 4	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
22	007/037	Våningshus	Sandroen	Sandroen 6	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
23	007/038	Våningshus	Sandroen	Sandroen 8	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
24	007/039	Våningshus	Sandroen	Sandroen 10	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
25	007/040	Våningshus	Sandroen	Sandroen 42	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
26	007/041	Våningshus	Sandroen	Sandroen 44	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
27	007/042	Våningshus	Sandroen	Sandroen 46	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
28	007/043	Våningshus	Sandroen	Sandroen 48	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
29	007/044	Våningshus	Sandroen	Sandroen 49	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
30	007/045	Våningshus	Sandroen	Sandroen 47	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
31	007/046	Våningshus	Sandroen	Sandroen 45	1963	Bustad		P	2018	Ikkje registrert
32	007/047	Våningshus	Sandroen	Sandroen 43	1963	Bustad		P	2019	Ikkje registrert
33	007/052	Kyrkje	Nærland	Grensevegen 10	1969	Religion	Stefanuskyrkje	P	2014	Ikkje registrert
34	007/062	Jærhuis (k)	Nærland	Nærland 40	1837	Bustad		P	2015	1119/0102/018
35	008/028	Jærhustun (k)	Njærheim	Njærheimvegen 135	1874	Bustad		P	2017	1119/0102/002
36	008/032	Jærhuis (k)	Njærheim	Nordsjøvegen 1803	1898	Bustad		P	2015	1119/0102/006
37	009/1-7	Naustmiljø	Håvågen	Vågen, Nærland	ca.1850	Fiske	Håtangen	P	2019	1119/0102/008-15
38	010/002	Fyr	Obrestad fyr	Obrestad fyr	1872	Fyr	Obrestad fyr	O	2020	1119/0201/004
39	010/002	Verksted	Obrestad fyr	Uthus, Obrestad fyr	1890	Verksted	Uthus	O	2013	1119/0201/004
40	010/002	Våningshus	Obrestad fyr	Håvegen 288	1902	Bustad	"1902 huset"	O	2013	1119/0201/004
41	010/002	Våningshus	Obrestad fyr	Håvegen 286	1948	Bustad	"Rundehuset"	O	2013	1119/0201/004
